
Fra: Tor Øyvind Skeiseid <tor@ryfylkelivsgnist.no>
Sendt: 26. mars 2021 17:17
Til: Postmottak KUD
Emne: Kompensasjonsordning kultur 2021

Høyringsvar frå Ryfylke Livsgnist

Me må få lov å rosa regjeringa for å ta vår bransje på alvor. I desse dagar er kultur noko folk strengt tatt ikkje treng, når det kun er dei basale behov som skal støttast.

Sjølv driv eg ei lita kulturopplevingsverksemd, der kvart arrangement har stor innverknad på vår totale botnlinje. I år er den store satsinga **Haugespor** – eit skråblikk på haugerørsla i høve Hans Nielsen Hauge sitt 250-årsjubileum. Sjå [Haugespelet 2021 - Ryfylke Livsgnist](#).

Premieren 3. april blei, etter nye innskjerpa reglar tysdag 23. mars, naturleg nok avlyst. Me er ikkje åleine om å avlysa og utsetja for tida..

Me har i forkant søkt stimuleringsordninga, og ventar på svar der. Det som er så bra med framlegget til kompensasjonsordninga for kultursektoren, er at den kan fanga dei som ikkje kjem inn under stimuleringsordninga. For me har t.d. planlagt i over eit år premiere og turne. Og me vonar stimuleringsordninga skal gjera dette mogleg. Men, om me då aldri får spelt eller må stadig utsetja og avlysa, så vil kompensasjonsordninga kunne hjelpa i staden. Me applauderer at det er snakk om 95 % kompensasjon, og at det er fokus på realisme i kulturarrangementa. Me som driv seriøst treng å høyra at realisme er eit kjerneomgrep.

Vår verksemd meiner regjeringa sitt framlegg er ei god og gjennomtenkt ordning, både for arrangørar og underleverandørar.

Beste helsing

Tor Øyvind Skeiseid
Kvardagsleg leiar, Ryfylke Livsgnist

982 06 333

tor@ryfylkelivsgnist.no

www.ryfylkelivsgnist.no

RYFYLKE
LIVSGNIST

